

# LIV OG RØR

Informasjonsblad for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Museumslaget

Nr. 2 november 2016

## NVIM sin nye direktør



Knut Markhus starta i stillinga som direktør på museet i slutten av august 2016. Knut er fødd i 1969 og var kultursjef i Kvam før han overtok som direktør for NVIM. Han har hovudfag i historie frå Universitetet i Bergen og har m.a. vore tilsett som spesialrådgjevar for Hordaland fylkeskommune og styrar for Hardanger folkemuseum og Agatunet. Knut har vore historie- og norsklærar, journalist og forfattar. Han har også vore fagleg

leiar for kunsthuset Kabuso i Øystese. Han er busett i Ålvik. På slutten av 1990-talet var han tilsett på NVIM som prosjektleiar for utstilling og undervisning. Han var også «sjølvaste Fossegrimen» på fleire teaterframstyringar på museet. Så på eit vis er det Fossegrimen som vender heim....

**Årets juleverkstad i  
Folgefondgata den  
03.12.2016 kl. 11-14  
For barn til og med 10 år  
Billett kr. 50**

**Årsmøtet i  
Museumsdraget blir den  
9. mars 2017 kl. 18  
i Statkraftstova i  
Tyssedal**

# Museumslagets studietur til Ulvik

Museumslaget for NVIMs høst-/studietur gikk den 21. august til Ulvik hvor vi hadde to temaer på programmet.

Først besøk på Olav H. Haugesenteret, en vakker bygning like ved Ulvikafjorden.

Olav H. Hauge, - H-en står for Håkonson, ble født i 1908 og døde i 1994. Han var en av de viktigste lyrikerne innenfor den modernistiske tradisjonen på 1900-tallet.

Som ung var han smålåten og tilbakeholdende, og det er nok grunnen til at han ikke debuterte før han var 38 år gammel i 1946 («Glør i oska») og enda to diktsamlinger i 1951 og 56 hvor han ennå bruker bundne strofer og enderim, han rett og slett bruker sonetteformen.

Men i 1961 kom «På ørnetuva», og der er formspråket friere, og han framstår slik vi kjenner ham best i dag.

Vi kan si at mottoet hans var et kinesisk ordtak som lyder slik :«*Den som har ein hage og eit bibliotek, han har det viktigaste her i livet*»

Han var en stor kjenner av utenlandske lyrikk som han gjendiktet, bl.a. Tennyson, Shakespeare, Yeats, Browning, Mallaramé, Rimbaud, Hölderlin og dessuten kinesisk lyrikk.

Han var også opptatt av å knytte diktekunsten til mer menneskelige og jordnære tema: »*Kan du gjera eit vers som ein bonde tykkjer mun i, skal du vera fornøgd. Ein smed vert du aldri klok på. Verst å gjera til lags er ein snikkar.*»



På Olav H. Haugesenteret

Men kjærligheten fant Hauge ikke før han var godt over 60. Da kom Bodil Cappelen inn i livet hans. De giftet seg i 1978.

Hauges dikt er oversatt til minst 25 språk.

Vi hadde jo enda et besøk denne dagen, nemlig Syse Gard. Her ble vi servert middag, alt basert på gårdenes egne produkter, velsmakende og lekkert anrettet. Gården er med i en kjede kalt economuseum, håndverksbedrifter som er valgt ut pga. sitt engasjement for kvalitet og autentisk arbeid.

Maten smakte himmelsk, og etter måltidet fikk vi en guida omvisning hvor vi fikk høre om gårdenes historie, fruktplukking, eldhuset, stølen, frukttdyrking, røyking av kjøtt, ølbrygging, siderproduksjon og hermetisering av frukt og syltetøy.

Og smaksprøver, både av vått og tørt. Men sider fikk vi ikke kjøpe, for det var søndag !

Vi var så heldige å ha med oss Vidar Våde, og mellom middag og dessert leste han et kapittel fra «Tyssefaldene, krafttak i 100 år» skrevet av Vidar selv og Jan Gravdal. Han valgte historien om Olaves Steinpokker, som var forfatter, redaktør, skribent, poet og vasker. Ja, ikke minst vasker, - det holdt han fast ved til sin døyand' dag.

Alt i alt, en strålende tur i strålende vær, og vi takker Bjørn Seim og Gerd Melstveit som har vært turarrangører! *Ingunn Eitrheim*

(forkortet. Red.anm. fullstendig tekst kan leses på Museumslagets nettside på [www.nvim.no](http://www.nvim.no))



En fornøyd gjeng på Syse gard.

# Kjenner du Tyssedal?

Leder og nestleder i Museumslaget, Bjørn Seim og Vidar Våde hadde jomfruturen på den planlagte vandreruta i Tyssedal da de guidet en buss med ca. 60 personer som først hadde vært innom museet.

Bussen kjørte rundt på de forskjellige stedene på vandreruta og guidene viste gamle bilder i tillegg til å fortelle. Hensikten med turen er å fortelle om datidas dagligliv i Tyssedal. Om hus og bygninger, kraftstasjonen og fabrikkene som skapte samfunnet.



Hus ved "Verdens ende" i 1912

Historiene bak; fiskehandler Heltberg, folkebadet med Hjørdis Moe. Brakkebyen med Steinpokkeren, Ivar Brandt og alle de andre personlighetene. Øvre og nedre "drankegate", parken med paviljongen, skolen og Tveitahaugen og alle de andre stedene.

Tilbudet kommer til å bli lagt ut på Museumslagets nettsider på nvim.no der det blir mulig å bestille en tur. Honoraret vil gå til Museumslaget.



Vidar Våde forteller i bussen

*Visdom.*

*For oss som har*

*levd ei stund.*

*Er livet lenger*

*enn en høneblund.*

*Takk og pris*

*at jeg fikk tid*

*til å bli litt vis,*

*i tro og håp,*

*og ærlighet.*

*Og aller mest*

*i kjærighet.*

*VV.*




# Arbeiderboligane i Folgefondgata vert opprusta

Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum fekk tildelt 2 millionar kroner frå regjeringa si sysselsetningspakke for vestlandsfylka. Midlane går til arbeid på og i dei kulturhistoriske bygga som museet forvaltar.

Museet bestemte seg for å utbetra og skifta ein del tak, m.a. i dei historiske arbeidarbustadane i Folgefondgata, som er eigd av Odda kommune.

I tillegg må veggen i den eine arbeiderbustaden skiftast, og det må gjennomførast sikrings- og utbetringstiltak. Arbeida skal vera ferdig gjennomførde i 2016. Museet legg vekt på at det blir brukt lokale firma.

Den årlege juleverkstaden kjem til å gå føre seg som vanleg! I år blir det laurdag den 03. desember frå 11-14.



# Skuleklassar på besøk i Tyssedal

NVIM har ein god del undervisningsopplegg for skulane i regionen, både på museet i Tyssedal og på vitensenteret i Odda. Her kan elevane få jakta på vatnet, prøva seg som rallarar, læra om arkitektur eller korleis dei feira jul i Odda i gamle dagar. Museet si smie på Smelteverkstomta i Odda er den einaste

vidaregåande linja for smedar i landet.

Dei forskjellelege opplegga er tilpassa alle aldersklassar frå 1.- 10. klasse i grunnskulen og 1.-3. klasse i vidaregående skule.

Barnehagar kan og bestilla tilrettelagte besøk hos museet.



Du kan sjå meir om undervisningsopplegga på [www.nvim.no](http://www.nvim.no), eller ring oss på 53650050 hvis du vil ha tilsendt faldaren.

# Nytt på Lilletopp sesongen 2017

Til sesongen 2017 har NVIM planar om å opna Lilletopp for besøkande kvar dag. Der vert ein liten kafé i vokterboligen og omvisningar inne i det fantastiske anlegget som vart bygd med handamakt og enkle verktøy av hundrevis av rallarar i perioden 1906-08. Nytt er også at filmen «Industrieventyret» skal visast inne i fordelingsbasseneget!

Tilbodet kjem til å forsterka opplevinga det er å gå turen til Lilletopp og Oksla, museet håpar at tilrettelegginga vil få endå fleire, både lokale og turistar, til å besøka denne historiske perla i Tyssedal. Sesongopning vert 3. juni.

Utanom sesong er det råd å avtala turen for grupper.

Sjå meir på [www.nvim.no](http://www.nvim.no)



NVIM på synfaring til Lilletopp hausten 2016



## Gåver frå ei svunnen tid er tilbake i Tyssedal

50-årsjubileet for DNN Aluminium i 1962 blei markert med store festar på Solfonn hotel.

Styre og alle tilsette var invitert og gåver i sølv og krystall blei overrekt, tradisjonen tru på den tid.

Gåvene blei sendt til hovedkontoret i Oslo. Seinare leverte Ludvig Egeland ved DNN Industrier dei til Eydehavn Museet.

No har Helle Lofstad, bestyrer ved Eydehavn Museet, gitt gåvene tilbake til Tyssedal. I DNN-arkivet på NVIM, finst eit brev frå direktør Collenborg der han listar opp kva gåver som skal oversendast hovedkontoret etter jubileumsfesten. På grunn av dette brevet fann vi ut at gjenstandane høyrer heime i Tyssedal og ikkje i Eydehavn.



På det runde sigaretskrinet står det: Det norske Nitridaktieselskap 1912-1962. Hilsen Odda Smelteverk A/S.

På pokalen står det: Det norske Nitridaktieselskap 1912-1962. Helsing Odda kommune.

Sigarboksen er utan innskrift.

## Industripionerane - eit nytt biletspel

Randi Storaas er godt i gang med NVIM sitt nye biletspel "Industripionerane". Filmen omhandlar Albert Petersson, Sam Eyde og dei andre som var viktige for at vasskrafta og industrien kom til Odda- og Tyssedalssamfunnet.

Når filmen er ferdig vil han bli vist på same vis som filmen "Industrieventyret" - då vil det bli mogeleg å velga kva film ein vil sjå, eller ein ser begge. Dette er eit etterlengta tilbod til museumsgjestene.



Albert Petersson i midten med m.a. den unge ingeniøren Kloumann (t.h.)

Retur: NVIM; Naustbakken 7, 5770 TYSSEDAL

## Verv medlemmer til Museumslaget!

### Verv medlemmer og få en NVIM kopp!

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid. Du kan delta på Museumslagets årslige turer og arrangement.

Bladet Liv og Rør kommer i posten med informasjon fra NVIM og Museumslaget. Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum. Bli med i Museumslaget for NVIM og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og prosess-industrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!

Museumslaget har også egen facebook-side! Gå inn og lik oss:

[www.facebook.no/museumslagetfornvim](http://www.facebook.no/museumslagetfornvim)

[www.facebook.com/vasskraftmuseet](http://www.facebook.com/vasskraftmuseet)



### Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familier:	kr	200
Foreninger og lag:	kr	300
Bedrifter, skoler, etc.:	kr	1 000

Kontakt: Leder Bjørn Seim

Epost: [bjoesei@online.no](mailto:bjoesei@online.no)

Tlf.: 957 53 764

Kontakt: Kasserer Olav L. Strand

E-post: [olav.strand@yahoo.com](mailto:olav.strand@yahoo.com)

Tlf.: 905 09 351

På nettsida **www.digitalmuseum.no** kan du leite gjennom NVIM sine per i dag 14000 historiske fotografier! Finn du eit foto du kunne tenke deg å ha, tek du kontakt med [siri@nvim.no](mailto:siri@nvim.no) for tinging.

**Digitalt Museum**

## Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar:  
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: [post@nvim.no](mailto:post@nvim.no) - 53 65 00 50



[www.nvim.no](http://www.nvim.no), [www.facebook.com/vasskraftmuseet](http://www.facebook.com/vasskraftmuseet), [www.vasskrafta.no](http://www.vasskrafta.no)